

Vedr. våningshus på gnr. 102 bnr. 85 i Lindås.

Sprs. 1: Vårt vedtak innebærer ikke et krav om sammenføyning av bnr 85 med hovedbruket..

Sprs. 2: Huset på bnr. 85 må tas i betraktnsing når kommunen skal vurdere om bruket trenger nytt våningshus.

Ta kontakt om noe ellers er uklart.

Mvh

Per Albert Lund
Landbruksavd.
Fylkesmannen i Hrdl. Tlf. 5572174

Fra: Benjamin Hicks [mailto:Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no]

Sendt: 6. september 2013 15:06

Til: Lund, Per Albert

Kopi: Moen, Kari Elster

Emne: Førespurnad knytt tillegare frådelingssak i Lindås kommune - Gbnr 102/4

Per Albert Lund.

Før kommunen kan handsame innsendt dispensasjonssøknad om oppføring nytt våningshus på gnr. 102 bnr. 4, må vi få klargjort kva tillegare vedtak hjå Fylkeslandsbruksstyret går ut på.

Vi ber om dykker hjelp til dette, då de har vore sakshandsamar både hjå Fylkeslandbruksstyret og hjå Fylkesmannen i frådelingssaker knytt til denne eigedomen.

Eg ber om tilbakemelding om kommunen skal legge til grunn at bustaden på gnr. 102 bnr. 85 skal sjåast på som våningshuset til gården (gbnr 102/4) og elles kva som ligger i vilkåret om at " hans bustadhús gnr. 102 bnr. 85 etter overdragninga vert å rekne som ei driftseining saman med gnr. 102 bnr. 4 i høve til jordlovas § 55".

Sak 1

I møte den 01.02.1989 handsama fylkeslandbruksstyret ei sak om frådeling av parsell m/påståande våningshus frå gnr. 102 bnr. 4 i Lindås (klage).

Innstillinga er vedlagt denne straumposten.

I framlegget til vedtaket som Fylkeslandbruksstyret slutta seg samråysta til, er det skrive fylgjande:

"Fylkeslandbruksstyret syner til fylkeslandbruksjefen si fråsegn og gjer om fylkeslandbruksjefen sitt vedtak av 4.5.99.

Fylkeslandbruksstyret gjev samtykkje etter jordlova § 55 til frådeling av omsøkte parsell på ca. 1,5 da m/påstande våningshus frå gnr. 102 bnr.4 i Lindås på vilkår av at tomta får eigen avkøyring på nordsida av tomta.

Det er og eit vilkår at gnr. 102 bnr. 4 i Lindås deretter vert overdrege til Jarle Fjellsbø (son til eigaren) og at hans bustadhús gnr. 102 bnr. 85 etter overdragninga vert å rekne som ei driftseining saman med gnr. 102 bnr. 4 i høve til jordlovas § 55."

I etterkant av vedtaket gav kommunen løyve til frådeling etter plan- og bygningslova. Det vart sett vilkår for løyet i samsvar med vedtaket hjå Fylkeslandbruksstyret ("vilkår: hans bustadhús gnr. 102 bnr. 85 etter overdragninga vert å rekne som ei driftseining saman med gnr. 102 bnr. 4".)

Eg er usikker om vilkåret er å sjå på som krav om sammenføyning etter plan- og bygningslova. Tillegare sakshandsamar Fauske meiner at vilkåret er eit krav om samanføyning.

Sak 2

Lindås kommune og Fylkesmannen har i **sak 2004/14171** (fylkesmannens ref. : Klage – Frådling av

bustadomt – Lindås kommune – Gnr 102. bnr 4 – Vabø) lagt til grunn at det er bygd eit våningshus på bruket (sjølv om denne ligger på eit eiga bruksnummer).

Sak 3

Det kan sjå ut som at Fylkesmannen i sak **2013/463** (fylkesmannens ref.) har lagt til grunn at det ikkje er våningshus på bruket. Plan og miljøutvalet har i møte lagt til grunn at bruket manglar våningshus.

Med vennleg helsing,

Benjamin Hicks
rådgjevar
Lindås kommune

Kopi er sendt Moen, Kari Elster som sakshandsamar i sak 2013/463 (dykkar referanse) til orientering